



## ARBEIDSPLAN 2016

### 1. Medlemsservice

- Kontoret har opningstid alle yrkedagar. Vakttelefon 917 76626 etter kontortid og ved helg.
- Infoskriv 2 gonger i året.
- Det er gjort klart til innlevering av elektroniske timelister. App på websida. Registrering og passord. Administrasjonen må setje av tid til opplæring av både tilsette og medlemmar. På sikt skal dette bli både forenkla og forbetra medlemsservice.
- Dokumentasjonskravet til «Tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel m.v.» er innskjerpa. Administrasjonen må følgje opp nye krav i forskrifta. [Rundskriv med kommentarer til regler i forskrift om tilskot til avløyning ved sjukdom og fødsel mv. samt retningslinjer for beregning av tilskudd og søknadsbehandling](#). Rundskriv 2015-43, 19.11.15
- Medlemmane må oppmodast om å innbetale avløysartilskotet som blir utbetalt i juni til Landbrukstenester Sogn for å sikre likviditeten slik som ifjor
- 5,5 årsverk i landbruksvikarressurs gjev oss god dekning i alle dei åtte kommunane som Landbrukstenester Sogn omfamnar. Prisane på landbruksvikar utan sjukdom er justerte for 2016
- Medlemsverving. Potensielle nye medlemmer skal kontaktast både pr brev og telefon.

### 2. Profilering og marknadsføring

- Multimediabrosjyre
- Oppdatering og info på eiga webside
- Sal av arbeidsklede med logo
- Landbrukstenester Sogn på Facebook

### 3. Tilsette

- Sidan to av dei fast tilsette landbruksvikarane er sjukmelde må ein rekruttere nytt personale. Som tidlegare må ein legge vekt på utdanning og god røynsle i faget
- Tilsette skal ha trygge og gode arbeidsplassar. Administrasjonen er i gang med påminningar om underskrivne oppdragsavtalar der medlemmane erkjenner ansvaret som blir kravd med omsyn til HMS.

### 4. Økonomi

- Konkurransedyktige og rette prisar på tenestene våre.